



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUSKRIFT

Møte: 20. januar 2015 kl. 09.00 – 10.10
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle,
Rolf Henning Hegland og Unni Andersen Sæbø
Forfall:
Innkalla: Økonomisjef deltok på sak 06/15
Frå revisjonen:
Sekretær: Bent Gunnar Næss – deltok ikkje i møte under handsaming av sak 06/15.

01/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 09.12.14 vart godkjent.

03/15 Skriv og meldingar

Kontrollutvalet sitt budsjett for 2015 er vedteke av kommunestyret med ei ramme på kr 950.000,-.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

04/15 Årsmelding 2014 kontrollutvalet

Sakstfang: Utkast til årsmelding

Utkast til årsmelding vart gjennomgått i møte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om at årsmeldinga til kontrollutvalet vert lagt fram for kommunestyret til handsaming.

05/15 Møteplan for kontrollutvalet - 2015

Sakstfang: Utkast møteplan kontrollutvalet – 2015 – fram til nyval.

Kontrollutvalet diskuterte planen og kva saker som er aktuelle i året 2015.

Det vart satt opp følgjande møtedatoar:

- 17. mars
- 21. april
- 29. september



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplan for 2015.

06/15 Anbod – revisjon

Sakstiltfang: Forslag til konkurransegrunnlag – utarbeida av økonomisjef Janne Sund vart sendt direkte til medlemmene. Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss – har kontor i same lokale som Nordhordland Revisjon IKS og er derfor ugild i forhold til Forvaltningsloven § 6 annet ledd – «andre særegne forhold». Sekretariatsleiar har difor ikkje delteke i tilrettelegging eller ved handsaming av denne saka.

Kontrollutvalet diskuterte det framlagte forslaget i møte.

Økonomisjefen syter for at konkurransegrunnlaget vert lagt ut på Doffin slik regelverket krev. Ved tilbudsopning så deltek leiar i kontrollutvalet og økonomisjef.

Tidsplan:

1. Anbudsunderlag vert vedtatt i kontrollutvalget 20.01.15
2. Anbudet vert publisert på Doffin/ TED veke 5
3. Tilbudsopning 23.03.15 kl 0900
4. Tilbod blir evaluert og leverandør vert innstilt t i Kontrollutvalget tirsdag 21.04
5. Innstilling i kontrollutvalget går til vedtak i kommunestyret 21. 05.15
6. Valg av leverandør offentleggjerast 22.05.15
7. Kontraktingåelse 05.06.15

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok det framlagte forslaget til konkurransegrunnlag med.

07/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

08/15 Eventuelt


Neste møte er 17.03.15 kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Selskapskontroll – Lindås Tomteselskap AS
- Byggerekneskap for Lindås og Leknes barneskule
- Orientering frå rådmann og ordførar om aktuelle saker

Knarvik 20.01.2015


Øystein Reidar Moldeklev, leiar


Bent Gunnar Næss, sekretær



Årsmelding 2014

KONTROLLUTVALET FOR LINDÅS KOMMUNE

Organisering og møte

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2014 til 31.12.2014. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

Faste medlemmer:

- Øystein Reidar Moldeklev (leiar) - FrP
- Odd Leif Mjøs (nestleiar) - KrF
- Rolf Henning Hegland – FrP
- Unni Andersen Sæbø – Uavhengig
- Anna K. Valle - Sp

Dei tre første varemedlemmene:

- Kåre Østrem
- Kåre Mestad
- Anne Kristin Tonning

Utvalet har hatt 6 møter i perioden og det er handsama 51 saker. Frå og med 01.07.13 er kontrollutvalet sine møte opne på lik linje med andre politiske møte.

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ og det skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

Kontrollutvalet legg fram eit eige forslag til budsjett for sitt område for kommunestyret, med bakgrunn i plan for revisjonsarbeidet vedteke i kommunestyret. Formannskapet har også fått framlegget til budsjett når dei lagar si innstilling. Kontrollutvalet ser det som naturleg at formannskapet føl kontrollutvalet si innstilling til budsjett.

Saker

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til rekneskapen. I 2013 er netto driftsresultat 71 mill kr, i 2012 var det 76,7 mill kr. Driftsinntektene til kommunen auka med 8 % i 2013, mens driftsutgiftene auka med litt over 10 %. Lønnsutgiftene auka med 4 %.

Kontrollutvalet peika også dette året på at det bør bli meir samsvar mellom budsjett og rekneskap også i investeringsrekneskapen. Kommunestyret si løyving til investering er eittårig og ikkje årsvhengig. Dette er presisert i brev 07.04.10 frå Kommunal og regionaldepartementet til NKRF.

Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. I planen for forvaltningsrevisjon som kommunestyret har vedtatt så skal følgjande område/prosjekt prioriterast i denne perioden:

- Pleie og omsorg
- Bestillarkontoret
- Barnevern
- PPT
- Vedlikehald av kommunale bygg
- Innkjøp og kontraktsoppfølging
- Oppfølging av tilskott



- Kommunen sitt kvalitetssystem/internkontroll
- Sakshandsaming – byggesaker og plansaker

Før året 2014 så er der i denne perioden handsama følgjande rapporter:

- Vedlikehald og inneklima i kommunale bygg
- Barnevernet – vart handsama av kommunestyret i 2014

«Ny Brannstasjon»

I 2013 bestemte kontrollutvalet at ein ønskja å prioritere å få ein forvaltningsrevisjon av «Ny Brannstasjon». Det var to hovudproblemstillingar som det var sett på:

- Var prosjektet ny brannstasjon i Lindås kommune planlagt på ein tilfredsstillande måte?
- Har Lindås kommune føremålstenlege rutinar for prosjektplanlegging og rapportering, og er desse følgt i samband med dette prosjektet?

Rapporten avdekkja at der var behov for å gjere endringar og at det i dette prosjektet var manglande prosjektstyring. Kommunestyret bad om at administrasjon måtte følgje opp dei tilrådingane som var i rapporten. Kommunestyret bad også om at rådmann skal leggja fram dokumentasjon på at brann- og redningsberedskap er tilfredsstillande ivareteke med plassering av brannstasjon på Ikenberget. Kontrollutvalet vil i løpet av 2015 følgje opp rapporten.

«Plan og bygg»

Rapporten peika på at kommunen bør sjå på rutineane innafor sakshandsaminga for plan og byggesaker. Dette for å sikre at sakene vert handsama på ein god og rasjonell måte. Nokon av dei same utfordringane som var i 2010 i ein tilsvarande rapport er framleis aktuelle. Kommunestyret bad om at rådmann i første møte i 2015 må legge fram ein tidsplan for gjennomføring av dei tilrådde tiltaka i rapporten.

Det er satt i gong arbeid med følgjande:

- Forvaltningsrevisjon - Refusjonar og tilskott
- Selskapskontroll – Lindås Tomteselskap

Desse rapportane vil etter planen føreligge våren 2015.

Følgjande prosjektrekneskap er lagt fram for kontrollutvalet:

- Seim skule – totalt 88 mill kr - mindreforbruk 4,8 mill kr

Andre saker som kontrollutvalet har handsama i 2014:

- Oppfølging av revisjonen sine merknadar til rekneskapen for 2013
- Orientering om kommunen sitt omstillingsprogram
- Orientering om kommunestyret sitt vedtak om rammebudsjettering på investeringsområdet og administrasjon sin oppfølging

Kommunestyret har vedteke endringar i Finansreglementet slik at det vert samsvar mellom praksis og regelverket, noko revisjonen og kontrollutvalet har peika på tidlegare.



Lindås kommune

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Kontrollutvalet har fått orientering om revisjonen sitt arbeid og revisjonen har lagt fram uavhengighetserklæring.

Kontrollutvalet vil i første halvår 2015 gjennomføre ein anbudsrunde for revisjon.

Utvalet har kalla inn ordførar og administrasjonen for å få nødvendige opplysningar i aktuelle saker.

Knarvik 20. januar 2015


Øystein Reidar Moldeklev
leiar